



Eikefet 23.11.2020

**Alver kommune**

Postboks 4,  
5906 Frekhaug

**Søknad om dispensasjon fra dele- og byggegrensa langs vassdrag ved  
frådeling Gnr 220 Bnr 2, parsell 1 – saksnr 20/15166-20/66937 Store Urdal**

DC Eikefet Aggregates As søkte 01.09.20 om frådeling av parsell 1 fra Gnr 220 Bnr 2 i Alver. Parsellen vi søker frådelt utgjer del av teig av Gnr 220 Bnr 2 som er sett av til område for råstoffutvikling (BRU) og naturføremål (LNF). Parsellen skal overførast til Gnr 220 Bnr 13, heimelshavar DC Eikefet Aggregates As. Urdalselva renn gjennom austre del av parsellen.

I føresegen 2.6.1 i kommunedelplan for Lindås 2019-2031 går det fram at dele- og byggegrensa mot vassdrag/elv/bekk med årssikker vassføring er 20 meter der nedslagsfeltet er mindre enn 20 km<sup>2</sup>. Vi søker om dispensasjon fra dele- og byggegrensa i denne frådelingssaka.

Ei deling av teigen vil ikkje få uheldige verknader i forhold til byggegrensa. Arealet ligg innanfor sikringssona for uttak av steinmassar. Det skal ikkje etablerast nye byggetiltak på eigedommen, men berre skje ei arealoverføring slik at eigarforholda vert endra.

Når det gjeld flaum- og erosjonsfare, viser vi til Flomsonekartlegging for Eikefet og Urdal, rapport fra Multiconsult 03.05.18. Det er utarbeidd flaumsonekart for 20 og 200 års-intervall, samt 200 år inkludert klimapåslag. Simuleringa viser at det vil vere små flaumutsette areal utanom det originale elveleiet. Ingen hus er utsett, og det er lavt potensial for føljeskader grunna erosjon.

Med venleg helsing

Jan-Oyvind Jørgensen  
Daglig leder DC Eikefet Aggregates As  
Tlf: 911 13 101  
E-post: [jan-oyvind.jorgensen@dcresources.no](mailto:jan-oyvind.jorgensen@dcresources.no)

[www.dcresources-norway.eu](http://www.dcresources-norway.eu)

